



DET KONGELEGE
NÆRINGS- OG HANDELSDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 103

(2001-2002)

Om lov om endringer i lov om elektronisk signatur

*Tilråding frå Nærings- og handelsdepartementet av 21. juni
2002, godkjend i statsråd same dagen. (Regjeringa Bondevik
II)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Nærings- og handelsdepartementet gjer framlegg om enkelte endringar i lov 15. juni 2001 nr. 81 om elektronisk signatur.

Forslaga gjeld justering av definisjonen av elektronisk signatur, jf. § 3 nr. 1, datatilsynet sin heimel for å føre tilsyn med innsamling og bruk av personopplysningar, jf. § 7 andre ledd, og godkjenning av sertifikat frå sertifikatutferdarar utanfor EØS, jf. § 25 andre ledd. Forslaga er av teknisk art.

2 Bakgrunnen for forslaget

Direktivet 1999/93/EF av 13. desember 1999 om fellesskapsramme for elektroniske signaturar vart publisert i EF-Tidende den 19. januar 2000, og tok til å gjelde same dagen.

Bakgrunnen for direktivet var at utviklinga av elektronisk handel over opne globale nett gjer det naudsynt med elektroniske signaturar med tilhøyrande teneste som sørgjer for autentisering. Dersom EU-landa har ulike regelverk kva gjeld rettsleg godkjenning av elektroniske signaturar og akkreditering av sertifikatutferdarar, kan dette skape hinder for elektronisk handel og hindre utviklinga av den indre marknaden. Det er derfor behov for eit harmonisert rammeverk for bruk av elektronisk signatur.

Direktivet vart gjennomført ved lov om elektronisk signatur 15. juni 2001 nr. 81 og forskrift om krav til utsteder av kvalifiserte sertifikater m.v., 15. juni 2001 nr. 611. Lova vart vedteken på bakgrunn av Ot.prp. nr. 82 (1999-2000), og tok til å gjelde 1. juli 2001, samstundes med forskrifta.

Lova gjeld for sertifikatutferdarar som er etablerte i Noreg. Lova inneheld også reglar om godkjenning av sertifikat frå utferdarar etablerte utanfor Noreg. Hovudformålet med lova er å leggje til rette for sikker og effektiv bruk av elektronisk signatur. Dette er gjort ved at lova har reglar for godkjenning av og tilsyn med sertifikatutferdarar. Ho stiller krav til kvalifiserte sertifikat, og har reglar om rettsverknader av elektroniske signaturar. Lova har også reglar om sertifikatutferdar sin rett til innsamling og bruk av personopplysningar.

Departementet har etter at lova tok til å gjelde funne behov for å foreta nokre mindre tekniske justeringar. Dette gjeld § 3 bokstav a om definisjonen av elektronisk signatur, § 7 andre ledd om Datatilsynet sin heimel for å føre tilsyn med innsamling og bruk av personopplysningar, og § 25 andre ledd om godkjenning av sertifikat utferda av sertifikatutferdarar utanfor EØS.

3 Endringsbehov

3.1 Elektronisk signatur

I lov om elektronisk signatur § 3 nr. 1 vert elektronisk signatur definert som «data i elektronisk form som er knyttet til andre elektroniske data og som brukes til å kontrollere at disse stammer fra den som fremstår som undertegner». I direktivet om elektronisk signatur vert elektronisk signatur definert som «data i elektronisk form som er tilknyttet eller logisk forbundet med andre elektroniske data og som fungerer som autentiseringsmetode», jf. artikkel 2 nr. 1.

Grunngjevinga for at lova sin definisjon skiljer seg frå definisjonen i direktivet er mellom anna at departementet meinte at omgrepet «autentiseringsmetode» er eit ukjent omgrep, og derfor lite egna til å bruke i ein lovtekst. Denne forskjellen medfører at lova sin definisjon er noko snevrare enn i direktivet.

I lova vert underteiknar definert som «den som disponerer et signaturfremstillingssystem og som handler på vegne av seg selv eller på vegne av en annen fysisk eller juridisk person». Ein underteiknar vil alltid vere ein fysisk person, jf. Ot.prp. nr. 82 (1999-2000) side 49. Ved å vise til underteiknar, i staden for å bruke omgrepet «autentiseringsmetode», vil definisjonen av elektronisk signatur ikkje omfatte signaturar som ikkje direkte er knytt til ein person. Dette inneber at ein server som signerer meldingar automatisk på vegne av verksemda, og utan at signaturen er knytt til ein person, ikkje er omfatta av definisjonen.

Denne innsnevringa påverkar like fullt ikkje lovas verkeområde, då lova regulerer kvalifiserte sertifikat, der det stilles krav om å gje opplysningar om underteiknarens (ein fysisk person) namn eller pseudonym, jf. § 4 andre ledd bokstav c.

Det var ikkje eit ønske frå departementet si side å fråvike innhaldet i direktivet sin definisjon ved gjennomføringa av direktivet. På bakgrunn av at det er eit auka behov for å regulere elektronisk kommunikasjon, har det også vorte eit behov for mellom anna å definere elektronisk signatur i lover og forskrifter. Departementet meiner at det er teneleg å ha ein meir generell definisjon av omgrepet elektronisk signatur, slik at denne i størst mogleg grad kan brukast innanfor anna regulering utan å måtte justerast. På bakgrunn av dette foreslår departementet å justere definisjonen i lova, slik at ho blir tilnærma likelydande med direktivet sin definisjon.

3.2 Datatilsynet sin kompetanse

I lov om elektronisk signatur er det ei føresegn om innsamling og bruk av personopplysningar, § 7. I følgje lova skal Datatilsynet føre tilsyn med at denne føresegna vert etterlevd, jf. § 7 andre ledd.

Kapittel IV i lova omhandlar tilsyn og sanksjonar. Føresegna regulerer Post- og teletilsynet sin kompetanse til å kontrollere at utferdarar av kvalifi-

serte sertifikat følger lova sine krav. Føresegna omfattar såleis i utgangspunktet ikkje Datatilsynet sitt tilsyn etter lova. Sjølv om dette implisitt går fram av førearbeida til lova, jf. Ot.prp. nr. 82 (1999-2000) side 54, ser departementet behov for at dette vert klargjort, og at Datatilsynet får ein uttrykkeleg lovheimel til å foreta naudsynte åtgjerder for å sikre at krava i § 7 første ledd vert følgd.

Datatilsynet er tilsynsorgan etter både § 7 og personopplysningslova. Lov om elektronisk signatur avvik berre på to punkt i forhold til personopplysningslova, kva gjeld krav til innhenting og bruk av personopplysningar. Ifølgje lov om elektronisk signatur § 7 kan innsamling og bruk av personopplysningar berre skje på grunnlag av samtykkje frå den registrerte, jf. personopplysningslova § 8 første ledd. Dessutan finst det ei særleg straffeføresegn i lov om elektronisk signatur § 21 første ledd bokstav c, som erstattar personopplysningslovas § 48 om straff. Personopplysningslova sine reglar om mellom anna sikring, internkontroll, informasjonsplikt, samt tilsyn og sanksjonar skal også gjelde for sertifikatutferdarar. Det skal også bemerkast at § 7 gjeld alle sertifikatutferdarar, og ikkje berre dei som utferdar kvalifiserte sertifikat.

Det er neppe aktuelt for Datatilsynet å bruke andre verkemiddel enn dei som er heimla i personopplysningslova §§ 42-47. Det er følgjeleg naturleg at personopplysningslova §§ 42-47 gjeld tilsvarande for tilsynet si oppgave etter lov om elektronisk signatur.

På bakgrunn av dette foreslår departementet at § 7 andre ledd vert justert på følgjande måte:

«Datatilsynet skal føre tilsyn med at denne bestemmelsen overholdes. I den utstrekning ikke annet følger av denne lov, kommer personopplysningsloven §§ 42-47 med forskrifter til anvendelse ved Datatilsynets kontroll etter første punktum.»

3.3 Rettsleg godkjenning av kvalifiserte sertifikat frå utferdarar etablerte utanfor EØS

Lova gjeld sertifikatutferdarar som er etablerte i Noreg.

§ 25 har reglar om rettsleg godkjenning av kvalifiserte sertifikat frå utferdarar etablerte utanfor Noreg. Departementet har funne behov for mindre tekniske justeringar, då gjennomføringa av direktivet i lov har skjedd med nokre ikkje tilsikta avvik.

§ 25 andre ledd bokstav a regulerer godkjenning av kvalifiserte sertifikat frå sertifikatutferdarar som er etablerte i land utanfor EØS, og som er blitt godkjende etter ei frivillig godkjenningsordning. Sjølv om ein sertifikatutferdar er etablert utanfor EØS, må produkta hans kunne tilbys fritt innanfor heile EØS, dersom dei oppfyller krava i direktivet. Det skal med andre ord ikkje vere nokon forskjell mellom ein «godkjent» sertifikatutferdar etablert innanfor EØS og utanfor EØS. På bakgrunn av dette kan det ikkje stillast krav om at sertifikatutferdarar utanfor EØS må oppfylle krava etter den norske lova. Det må vere tilstrekkeleg at utferdaren oppfyller krava i direktivet, slik dei er gjennomførte i ein EØS-stat. På bakgrunn av dette skal setninga «oppfyller kravene i denne lov» endrast til «oppfyller kravene i en EØS-stat», og «et medlemsland» skal endrast til «den staten».

§ 25 andre ledd bokstav b seier at eit kvalifisert sertifikat frå ein sertifikatutferdar etablert utanfor EØS skal likestillast med kvalifiserte sertifikat utferda innanfor EØS, så framt ein sertifikatutferdar etablert innanfor EØS garanterer for utferdaren. I lova stilles dessutan krav om at garantisten oppfyller lova sine krav, jf. direktivet artikkel 7 nr. 1 bokstav a. Direktivet stiller krav om at sertifikatutferdaren skal «oppfylle krav fastsatt i dette direktiv». Det er viktig å sikre fri flyt av «garanterte kvalifiserte sertifikater». Det er derfor tilstrekkeleg at ein sertifikatutferdar som er etablert innanfor EØS, og som ønskjer å garantere for ein annan sine sertifikat, oppfyller krava i direktivet, slik dei er gjennomførte i etableringslandet. Føresegna foreslås justert på følgjande måte: «en sertifikatutsteder som er etablert innen EØS, og som oppfyller kravene i etableringsstaten, garanterer for utstederen, eller...»

I § 25 andre ledd bokstav c har det vorte ståande «med» i staden for «mellom». Setninga skal vere som følgjer:

«...sertifikatet eller utstederen er anerkjent i henhold til multilaterale eller bilaterale avtaler mellom Norge eller EU og tredje land eller internasjonale organisasjoner».

4 Høring

Lovendringsforslaget i kapittel 3 er i utgangspunktet av lovteknisk art. På bakgrunn av dette har departementet funne det openbart unødvendig å sende endringsforslaget på alminneleg høring. Lovendringsforslaget har derimot vore sendt til alle departementa. Ingen av departementa hadde merknader til forslaget.

5 Merknader til dei enkelte føresegnene

Til endringar i § 3 nr. 1:

Definisjonen «elektronisk signatur» er justert slik at han ikkje berre omfattar signaturar frå ein fysisk person. Omgrepet er nøytralt i forhold til kven som vert identifisert, (autentisert), slik at det mellom anna også omfattar serverarar som signerer meldingar automatisk på vegne av verksemda, utan at signaturen er knytt til ein person.

Til endringar i § 7 andre ledd:

Føresegna gjev Datatilsynet heimel til å ta i bruk verkemidlane i personopplysningslova §§ 42-47 ved tilsyn med at føresegnene i § 7 vert etterlevde.

Lov om elektronisk signatur avvik frå personopplysningslova berre på to punkt. I følgje lov om elektronisk signatur § 7 kan innsamling og bruk av personopplysningar berre skje på grunnlag av samtykkje frå den registrerte, jf. personopplysningslova § 8 første ledd. Dessutan er det ei særleg straffeføresegn i lov om elektronisk signatur § 21 første ledd bokstav c, som erstattar personopplysningslova § 48 om straff. Reglane i lova om elektronisk signatur har forrang ved motstrid med personopplysningslova.

Til endringar i § 25

Omgrepet «EØS-området» er endra til «EØS», som er ei forkorting av «Europiske Økonomiske Samarbeidsområdet».

Til endringar i § 25 andre ledd bokstav a:

Endringa inneber at det er tilstrekkeleg at utferdaren er godkjent i samsvar med ei frivillig godkjenningssordning i ein EØS-stat.

Til endringar i § 25 andre ledd bokstav b:

Endringa inneber at det er tilstrekkeleg at sertifikatutferdarar som stiller som garantist oppfyller krava i den staten innanfor EØS der utferdaren er etablert.

Til endringar i § 25 andre ledd bokstav c:

Ved ein inkurie kom det inn ein feil i denne føresegna i lova. Endringa klarlegg mellom kva for partar aktuelle multilaterale eller bilaterale avtalar kan inngåast.

6 Økonomiske og administrative konsekvensar

Forslaga er berre av teknisk art, og vil ikkje ha økonomiske eller administrative konsekvensar.

Nærings- og handelsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringer i lov om elektronisk signatur.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringer i lov om elektronisk signatur i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til lov om endringer i lov om elektronisk signatur

I

I lov 15. juni 2001 nr. 81 om elektronisk signatur vert det gjort følgjande endringar:

§ 3 første ledd nr. 1 skal lyde:

elektronisk signatur: data i elektronisk form som er knyttet til andre elektroniske data og som brukes som autentiseringsmetode,

§ 7 andre ledd andre punktum skal lyde:

I den utstrekning ikke annet følger av denne lov, kommer personopplysningsloven §§ 42-47 med forskrifter til anvendelse ved Datatilsynets kontroll etter første punktum.

§ 25 skal lyde:

Sertifikater fra sertifikatutstedere som er etablert innen EØS, anses som kvalifiserte sertifikater i henhold til denne lov dersom de oppfyller kravene til et kvalifisert sertifikat i det landet der utstederen er etablert.

Kvalifiserte sertifikater fra sertifikatutstedere som er etablert i land utenfor EØS, skal gis rettslig anerkjennelse på lik linje med kvalifiserte sertifikater fra sertifikatutstedere innen EØS dersom:

- a) utstederen oppfyller kravene i en EØS-stat og har blitt godkjent i henhold til en frivillig godkjenningssordning i den staten,
- b) en sertifikatutsteder som er etablert innen EØS, og som oppfyller kravene i etableringsstaten, garanterer for utstederen, eller
- c) sertifikatet eller utstederen er anerkjent i henhold til multilaterale eller bilaterale avtaler mellom Norge eller EU og tredjeland eller internasjonale organisasjoner.

II

Lova gjeld frå den tid Kongen fastset.